

Saksbehandlar: Arlen Synnøve Bidne, Nærings- og kulturavdelinga
Sak nr.: 17/7385-19

Tildeling av tilskot frå Statsbudsjettet 2019 - kap. 1429 post 71

Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

1. Det vert gjort slik tildeling av tilskot frå Statsbudsjettet 2019 kap. 1429 post 71 tilskot til freda kulturminne i privat eige:
 - a. Utbetring og sikring av tilkomst til Wittgensteinhuset inntil kr: 100 000
Tilskotet skal nyttast slik:
 - Utbetring av og etablering av ny støttemur i øvre del av stien kr 35 000
 - Utbetring av stien langs Eidsvatnet inntil kr 15 000
 - Sikringstiltak langs stien opp til hytta kr 50 000
 - b. Sorenskrivargarden Loftesnes inntil kr. 110 000
Tilskotet skal nyttast slik:
 - Istandsetjing av balkongsøyler inntil kr. 20 000
 - Undersøking og dokumentasjon av interiør inntil kr. 90 000
 - c. Ormelid – vedhuset inntil kr. 530 000
Tilskotet skal nyttast slik
 - Drenering og reparasjon av grunnmur inntil kr. 100 000
 - Demontering og transport av bygningen inntil kr. 30 000
 - Reparasjon av tømmerkonstruksjon inntil kr. 190 000
 - Reparasjon av tak og takkonstruksjon inntil kr 190 000
 - Dører og vindauga inntil kr. 20 000
 - d. Restaureringsleiar for freda bygningar inntil kr. 240 000
Tilskotet skal nyttast til oppfølging av følgjande prosjekt:
 - Wittgensteinhuset i Skjolden inntil kr. 10 000
 - Ormelid istandsetjing av vedhuset og Nedstestølen inntil kr. 60 000
 - Sorenskrivargarden Loftesnes, inntil kr. 10 000
 - Bensentunet, stavløa, inntil kr. 70 000
 - Otternes, stabburet i Thomasgarden inntil kr. 20 000
 - Askelund, inntil kr. 20 000
 - Planlegging av nye prosjekt i saman med eigarar av freda bygningar inntil kr. 50 000
 - Fylkesdirektøren får fullmakt til å endre ressursbruken mellom prosjekta ved behov.
2. Fylkesdirektøren set nærare vilkår for bruk av tilskota.

Vedlegg:

Vedlegg 1 og 2: Saksutgreiing og vedtak i HNK-sak 14/18, arkivsak 17/7385 dok. 11 og 12
Vedlegg 3: Brev frå Riksantikvaren av 15 februar 2018

Andre relevante dokument i saka:

Saksutgreiing og vedtak i HNK-sak 52/18
Vedlegg til Riksantikvaren sitt tildelingsbrev til fylkeskommunane post 71

1. Bakgrunn for saka

I HNK-sak 14/18 vart det gjort fyljande vedtak om førehandsløyvinga på kr. 3 mill. frå Statsbudsjettet 2019 kap. 1429 post 71 tilskot til freda kulturminne i privat eige som fylkeskommunen fekk tildelt frå Riksantikvaren:

5. Førehandsløyvinga for 2019 vert fordelt i eit seinare møte.

Denne saka følgjer opp dette vedtaket.

I HNK-sak 52/18 vart kr 1 255 000 av denne løyvinga tildelt til følgjande istandsetjingsprosjekt:

- Bensentunet, stavløa inntil kr. 680 000
- Otternes, stabbur i Thomasgarden inntil kr. 200 000
- Vonens hus, fugging og kalkpussing av kjellarvegg inntil kr. 90 000
- Askelund, hovudhuset inntil 200 000
- Ormelid, selet på Nedstestølen inntil kr. 85 000

Etter den fordelinga står det att kr. 1 745 000 av det løyvde tilskotet frå førehandsløyvinga for 2019 som ikkje er fordelt. Fylkesdirektøren har mottatt tre søknadar om tilskot til prosjekt som kan få støtte frå denne tilskotsposten.

Fylkesdirektøren vel no å fremje sak om fordeling av tilskot frå førehandsløyvinga no då det vil gjere det føreseieleg for søkjarane å planlegge sine prosjekt i 2019, mellom anna vil dei på bakgrunn av tildelinga kunne engasjere handverkarar til gjennomføring av tiltaka slik at dei vert gjennomført etter planen. Dersom hovudutvalet gjer vedtak som foreslått vil det vere att kr. 765 000 av førehandsløyvinga for 2019. Fylkesdirektøren planlegg at desse midlane vert fordelt saman med den ordinære tildelinga av tilskot frå Statsbudsjettet 2019 kap. 1429 post 71.

Når det gjeld opplysingar om vilkår for tildeling av tilskot og bakgrunn for tilskot så syner fylkesdirektøren til saksutgreiinga til HNK-sak 14/18. Saksutgreiinga her vil difor i hovudsak omhandle fylkesdirektøren sine vurderingar av dei aktuelle prosjekta.

2. Vurderingar og konsekvensar

Tilkomst til Wittgensteinhuset i Skjolden

Stiftinga Wittgenstein i Skjolden har i fleire år arbeidd med å få tilbakeført huset til Ludwig Wittgenstein i Skjolden til opphavleg plass. Dette arbeidet nærmar seg ferdigstilling. Stiftinga ser at det er behov for å gjere tiltak på stien opp til huset då den er i dårleg stand. Stien er einaste tilkomst til huset og det er viktig at den er trygg å ferdast på. Søknaden omfattar istandsetjing av delar av stien og sikringstiltak i form av nye jernboltar i fjellet av same type som er der i dag og hampetau mellom boltane. Stiftinga legg vekt på at huset skal ha ein allmennbruk når den er ferdig og fylkesdirektøren vurderer det som viktig for bruken at stien opp er trygg. Stien frå Eidsvatnet og opp til huset vart laga då huset vart bygd og er ein del av heilskapen i anlegget. Ei antikvarisk istandsetjing av den er etter fylkesdirektøren si vurdering viktig for å ta vare på dei kulturhistoriske verdiane i eigedomen.

Tiltaket er kostnadsrekna til kr 148 500 og av dette søkjer stiftinga om kr. 100 000 i tilskot. Då tiltaket har ei høg allmenntytte vurderer fylkesdirektøren at ein i denne saka kan gje eit tilskot i denne storleiksorden.

Sorenskrivargarden Loftesnes

I samband med restaureringa av trappa mot fjorden vart søylene på balkongen mellombels demontert. Det synte seg då at dei to søylene nærast veggen var i ei svært dårleg forfatning. Eigar har fått handverkar til å vurdere tilstanden på søylene, og handverkar si vurdering er at dei bør bytast ut med nye for å kunne bere vekta frå balkongen. I utgangspunktet ynskjer ein å reparere søylene, men omsynet til bereevna og skadeomfang på eksisterande søyler gjer at ein i dette tilfellet kan godta ei utskifting med nye kopiar. Eigar søkjer no om å dekke 50 % av kostnadane med dei nye kopiane.

Sorenskrivargarden på Loftesnes er eitt av husa der eldre tapet er bevart i nokre av romma. Tidlegare vart tapetet i salen i 2. etasje konservert og retusjert. Ved sidan av salen er eit anna rom med eldre tapet og ein måla brystning av høg alder. Tilstanden på interiøret her er dårleg og det må gjerast tiltak for at eigar skal kunne bruke dette rommet. I denne samanhengen er det behov for å gjere ein grundig farge- og bygningsarkeologisk undersøking av rommet før ein kan ta stilling til korleis ein skal setje rommet i stand. Fylkeskommunen har stilt krav til at det vert gjort ein slik undersøking av interiøret før ein kan gå i gang med tiltak. Dette for å vere sikre på at dei kulturhistoriske verdiane i interiøret vert bevart og at ein finn ein fagleg god løysing på korleis rommet skal setjast i stand. Då utgiftene til undersøkinga er ein meirkostnad som følgje av fredingsvedtaket vil fylkesdirektøren i denne saka rå hovudutvalet til å løyve tilskot som dekkjer alle utgiftene til dette.

Ormelid – vedahuset

Vedhuset på Ormelid var opphavleg eit eldre stovehus som vart flytta inn i tunet i 1941 og nytta som vedhus. Frå huset fekk sin nye plassering og funksjon har det vore utan golv, vinduaga og dører. Sannsynlegvis av di det ikkje har vore behov for dette når ein skulle bruke det til lager av ved. Bygningen har hatt denne funksjonen fram til i dag og har ikkje blitt endra etter 1941. I fredinga av Ormelid vart bygningen freda som eit vedhus som er den funksjonen bygningen har hatt frå han fekk noverande plassering. Bygningen er i dag i dårleg stand og det er behov for omfattande istandsetjing.

Stiftinga Ormelid gard ynskjer no å endre bruken på vedhuset til overnatting. Dette krev at det vert gjort store endringar i korleis bygningen vert sjåande ut, noko som er utfordrande sett i forhold til føremålet med fredinga. Ved å endre huset sin utsjånad vil det verta oppfatta som eit bustadhus og ikkje som eit vedhus, noko som vil gjere lesbarheita i tunet vanskelegare, samstundes som ein fjernar noko av bygningshistoria i tunet.

Stiftinga søker opphavleg om kr. 760 000 til ulike tiltak i samband med istandsetjing og tilpassing av vedhuset til ny bruk. Søknaden vert og handsama som ein søknad om dispensasjon frå fredingsvedtaket. Då det er fleire av dei omsøkte tiltaka det ikkje vil bli gitt dispensasjon frå fredingsvedtaket til å gjennomføre, samt at nokon av tiltaka er oppgraderingstiltak føreslår fylkesdirektøren at tilskotet vert redusert til kr. 530 000 og at det vert øyremerka istandsetjingstiltaka på bygningen, jf. forslag til vedtak.

Restaureringsleiar for freda bygningar

Fylkeskommunen har nytta ca. 10 % av tilskotsmidlane til å finansiere stillinga «restaureringsleiar for freda bygningar». Hovudoppgåvene til restaureringsleiar er å hjelpe eigarane av freda bygningar med å følgje opp istandsetjingsprosjekta med råd og rettleiing, samt å hjelpe eigarar av freda bygningar med råd i samband med planlegging av nye istandsetjingstiltak. Fylkeskommunen har fått tilbakemelding frå Riksantikvaren om at vi må knyte denne bruken av tilskotsmidlane tettare opp til dei prosjekta som får tilskot. I forslag til vedtak har fylkesdirektøren følgd opp dette. I tillegg til dei prosjekta som er tilrådd tilskot i denne saka har fylkesdirektøren også tatt med dei som fekk tilskot frå førehandsløyvinga for 2019 i HNK-sak 52/18.

Det kan syne seg at nokon av prosjekta krev meir oppfølging, medan andre kan krevje mindre enn den ressursen som er sett av i forslag til vedtak. Dersom det syner seg at det er behov for å overføre ressursar frå eitt prosjekt til eit anna, ynskjer fylkesdirektøren å ha moglegheit til dette slik at dei ulike prosjekta får den oppfølginga dei har behov for.

3. Konklusjon

Fylkesdirektøren syner til drøftingane ovanfor og rå hovudutvalet til å gjere vedtak i tråd med framlegg.